



Kjell Tennebekk
Brønndalen 74
5176 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/23 - 16/5411

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
14.03.2016

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Ådland gbnr 36/94.

Administrativt vedtak. Saknr: 66/2016

Saksutgeing:

Det er i søknad, journalført 29.12.2015 søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på Ådland. Utsleppet skal gå via ein 4 m³ slamavskiljar og derfrå i tett leidning til eksisterande private avlaupsleidning som går ut i sjø (Radfjorden). Det ligg føre erklæring frå eigar av den private avlaupsleidningen som gjev egedomen gbnr 36/94 rett til dette. Slamavslıklararen skal plasserast i grensa mellom gbnr 36/94 og gbnr 36/93 i samsvar med motteke situasjonskart. Det ligg føre erklæring som gjev egedomen gbnr 36/94 rett til dette.

Det ligg også føre erklæring, dagsett 19.01.2016, frå styreleiar Per Ivar Gjærum i Riplevikvegen Del 3, som gjev egedomen gbnr 36/94 løyve til å krysse/grave i felles privat veg, samt erklæring frå eigar av gbnr 36/3, og eigar av gbnr 36/93 med løyve til å leggja leidning over privat grunn.

Vurdering:

Utsleppsløyvinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Plan:

Egedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er vist som noværande område for hytter som i vesentlig grad er utbygd utan reguleringsplan.

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla 29.12.2015. Det ligg ikkje føre merknader.

Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på motteke situasjonskart , journalført 29.12.2015.

Det er erklært avvarsrett frå føretaket Fløysand VA.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12- utsleppsløyve frå ein fritidsbustad på gbnr 36/94, i samsvar med søknad journalført 29.12.2015 og supplerande dokumentasjon journalført 27.01.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar på 4m³ av godkjend type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast i tett leidning og knytast til tidlegare etablert privat avlaupsleidning som går til sjø.
3. Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast frå slamsugebil i samsvar med vedtekter om slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

Utslepp 36-94

3

Mottakere:

Fløysand VA

Kjell Tennebekk

Fløksand 76

Brønndalen 74

5918

5176

FREKHAUG

LODDEFJORD